



# Voss herad 2020

Arkivsak-dok. 18/00041-1  
Saksbehandler Liv Myklebust

Saksgang  
Fellesnemnda

Møtedato

## **BEHANDLING AV STRATEGI FOR HELSE OG OMSORG, 2015-2025: MORGONDAGENS OMSORG I MINE OG DINE HENDER**

### **Administrasjonen si innstilling:**

1. Strategi for helse og omsorg blir vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.
2. Planen har status som temaplan og skal ligge til grunn for framtidige prioriteringar ved behandling av økonomiplan og årsbudsjett.

### **Vedlegg:**

Strategi helse og omsorg,2015-2025, Morgondagens omsorg i mine og dine hender

## Samandrag av saka:

Kommunalavdeling helse og omsorg står overfor nye utfordringar i framtida med auka etterspurnad etter tenester, auka forventingar frå brukarar og pårørande og nye oppgåver frå nasjonale krav og planar. Dette saman med knappheit på ressursar, gjer at kommunalavdelinga har behov for å ha tydelege prinsipp for korleis ein skal utforma portefølja av tenester i framtida. Gjennom brei deltaking i strategiarbeidet utarbeida Voss kommune i 2015, 8 styrande prinsipp for Kommunalavdeling helse og omsorg for framtida. I tillegg til dette fokuserer strategidokumentet på krav til organisasjonen, som skal gjera dei i stand til å møte utfordringar i framtida. Strategi for helse og omsorg, 2015-2025: Morgondagens omsorg i mine og dine hender, er vurdert til å vera like aktuell for ny kommune frå 2020. Strategien vert dermed lagt fram til behandling slik at den vert gjeldande for Voss herad.


## Fakta om saka:

Bakgrunnen for strategien er sentrale overordna dokument som stortingsmeldingar, Voss kommune sin kommuneplan samt ein omfattande analyse av dagens helse- og omsorgstenester i Voss kommune.

Strategi 2015-2025 skal vera Kommunalavdelinga sitt overordna styringsdokument. Alle plandokument som finst p.t. eller som vil bli utarbeida på eit seinare tidspunkt innan helse og omsorg, vil følga direkte av strategidokumentet. Slike plandokument vil ha som føremål å konkretisera ytterligare eit eller fleire delområde av verksemda. Det betyr at for å kunna sikra einskaplege målsettingar må dei eksisterande tema- og fagplanar fornyast eller eventuelt erstattast med andre relevante dokument.

Kommunalavdeling helse og omsorg i Voss kommune jobba i 2015 breidt med strategiprosessen for legga føringar for aktiviteten i perioden fram til 2025.

Startskotet gjekk med eit utval av politisk og administrativ leiing, tilsette, representantar frå arbeidstakarorganisasjonane, representantar frå Kommunalavdeling oppvekst, brukarar, pårørande, frivillige og andre samarbeidspartnarar. Både politikarar, tilsette og andre sentrale personar har jobba med å konkretisera strategien i ulike arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene har kome fram til 8 styrande prinsipp for verksemda:



Administrasjonen vil arbeide med å setje i verk prinsipp og tiltak frå strategien. Dette vil konkretiserast i verksemdsplan, økonomiplan, budsjett og ulike utviklingsprosjekt.

### **Administrasjonen si vurdering:**

Korleis me set saman tenesteportefølja, utøver tenestene og forvaltar dei knappe ressursane, vil vera avgjerande for om ein klarar å møte nye krav, oppgåver og forventingar i framtida. Ein må difor tenka nytt og einskapleg i måten ein utøver verksemda. Administrasjonen tilrår difor å innføra strategien i sin heilskap for Voss herad, med dei 8 styrande prinsippa og krav til organisasjonen.